

Avsender: Lindås kommune
Kvernhusmyrane 41
5914 Isdalstø

17

Lindås Senterbygg As
Kanalvegen 4
5955 LINDÅS

Etterlyser søknad om løyve til å knytte fettutskiljar til kommunalt leidningsnett Mama Rosa, Lindås senter

Vedlagt fylgjer brev frå Lindås kommune

Lindås kommune har tatt i bruk digital post. Dette er i tråd med regjeringa sitt digitaliseringsprogram «På nett med innbyggerne». Digital kommunikasjon skal vera fyrsteval i samhandlinga mellom det offentlege, innbyggjarar og næringsliv.

I staden for å få brev på papir kan du få det levert til digital postkasse, Digipost eller e-Boks. Om du ikkje har digital postkasse vil du få brev i Altinn. Les meir på <http://www.lindas.kommune.no/> eller på www.norge.no.

Bedrifter og organisasjonar kan lese dokumentet elektronisk i Altinn via ei rolle som er definert på førehand. Varsel blir sendt til registrert e-postadresse. Informasjon om roller som er definert på førehand og tilgangsstyring ligg under «Min profil» i Altinn.

Med helsing
Lindås kommune



Lindås Senterbygg As
Kanalvegen 4
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/27 - 17/25170

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
06.09.2017

Etterlyser søknad om løyve til å knytte fettutskiljar til kommunalt leidningsnett Mama Rosa, Lindås senter

Teknisk drift syner til tidlegare korrespondanse vedkomande pålegg om installering av fettutskiljar ved Mama Rosa i Lindås senter.

Teknisk drift syner spesielt til vårt brev, datert 17.02.2017, der vi gir pålegg om installering av fettutskiljar ved Mama Rosa i Lindås senter. Kommunen satte ei frist for utføring av pålegget. Frist vart sett til **15.05.2017**. Teknisk drift kan ikkje sjå at dette er utført.

Teknisk drift ber Lindås Senterbygg AS om å få plass utskiljaranlegg omgåande. Anlegg skal være godkjent av Teknisk drift **før** installering. Teknisk drift ber Dykk ta kontakt med røyrleggar for innsending av registreringsmelding/søknad om løyve til å knytte anlegg på kommunalt leidningsnett.

Vi minner om at Mama Rosa er pålagt å ha fettutskiljar (jf. forskrift for fettutskiljar Lindås kommune).

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mottakarar:

Lindås Senterbygg As

Kanalvegen 4

5955

LINDÅS

